



Seimstrand Eiendom AS
Rune Hindenes
Lurevegen 88
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/26410

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.08.2015

Krav om innstallering av ny fettutskiljar - gbnr 171/56 - Spar Seimstrand

Lindås kommune ved Teknisk drift har, grunna manglande innrapportering, utført synfaring ved Spar Seimstrand den 12.08.2015. Under synfaringa kunne Teknisk drift konstatere at Dykkar utskiljaranlegg er for lite. Anleggets storleik er ikkje i samsvar med produksjon ved verksemd eller forskrift og Va norm for Lindås kommune.

Teknisk drift har målt anlegget for å finne ut storleiken. Følgjande mål vart registrert:

Lengde 1,2m
Bredde 0,6m
Høgde 0,9m.

Dette er måla for ei utskiljar som har storleik NS 2. I Lindås kommune er minste tillatne storleik på utskiljaranlegg NS 4, *jf forskrift for fettutskiljar Lindås kommune.*

Grunna storleiken på utskiljaranlegg er temperatur i utskiljarkammer for høg. Dette medfører at fett ikkje vert skilt ut i anlegg, men vert ført ut på kommunalt leidningsnett. Vi fikk opplyst av Dykkar representant at anlegg nettopp er tømt og at tømmeoperatør hadde sagt at det var lite fett i anlegget. Dette er, i tillegg til høg temperatur, indikasjon på at anlegg ikkje fungerer. Teknisk drift har vore i kontakt med Dykkar tømmeoperatør som har bekrefta dette ovanfor kommunen og at dei frå 2013, har tømt anlegget 1 gong i året. Tømmefrekvens for utskiljaranlegg i Lindås kommune er 3-12 gonger i året, avhengig av anleggets storleik og produksjon ved verksemd. Tømmefrekvensen vert avgjort av Teknisk drift ut i frå dei opplysningane røyrleggjar sender inn saman med søknaden.

Det er i dag registrert store mengder fett på leidningsnett og i reinseanlegget på Seim. Feittet fører til skade på anlegg og påfører kommunen store kostnader. Teknisk drift krev derfor at anlegg ved Spar Seimstrand vert bytta ut slik at anleggets storleik står i samsvar med gjeldande regelverk og produksjon ved verksemd. Før installering av nytt anlegg skal røyrleggjar sende inn søknad med berekningsgrunnlag for val av utskiljarstorleik for godkjenning hos Teknisk drift, digitalt søknadsskjema for dette finn ein på kommunen si heimeside.



Teknisk drift sett nå ei frist for tilbakemelding om framdrift i prosessen med utskifting av anlegg til: **Tysdag 15.09.2015**. Dersom Teknisk drift ikkje mottar tilbakemelding innan fristen, vil vi kalle Dykk inn til nytt møte.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga at Teknisk drift krev utskifting av eksisterande anlegg ved Spar Seimstrand.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved Teknisk drift

Mottakarar:

Seimstrand Eiendom AS

Lurevegen 88

5912

SEIM